

Svært variert repertoar

13.03.2011



Staute songarar bak i koret: Frå venstre står Kåre Vethus, Jan Ove Olsen, Svein Rimestad, Kjell Sigbjørn Røssland og Kristian Olav Bringedal. Alle er bassar med unntak av tenoren Bringedal.

**Røysterett for alle presenterar eit svært variert repertoar når dei held vårkonsert i Uskedalen den 19. mars.
Dirigent Maria Malmsten opplyser at
koret skal syngja i 2 avdelingar og på programmet står mange
songar som dei har sunge dei siste 4 åra.**

Det har samanheng med at numra skal vera med på CD-innspelinga fra 1. til 3. april. Men det blir også nokre songar som er mindre sunge.

Koret skal syngja 3 songar av Beatles, Vandringsvise av Odd Nordstoga, Voggevise og Vaken Draum av Vamp og så kjem det ei avdeling med folketonar, til dømes Sporven sit på lydør og Den dag kjem aldri.

Det neste er nokre resnessansetonar og romantisk musikk av Grtieg og meir moderne klassisk av Per Indrehus samt gamle hits som Jonsokkvelden og Kvannsanketid.

I ein avdeling midt i konserten gjer Malmsten sin familie seg sterkt gjeldande: Dottera Tiril Eirunn Einarsdotter og mannen Einar Steinkopf framfører 4 nummer, både viser og klassisk musikk. Tiril spelar fiolin og syng og Einar trakterar gitaren. Einar har også arrangert 2 av songane som koret skal syngja inn på CD-en, mellom andre Vandringsvise.

Maria seier til uskedalen.no at ho som vanleg gler seg til å musisera med denne fantastiske gjengen og at det også er kjekt å samarbeida med flinke musikarar.

Maria fortel ellers at ho som dirigent har slått Leirvik mannskor sin gamle rekord.
Ho dirigerte mannskoret i 4 1/2 år, men no har ho dirigert Røysterett for alle
litt lengre.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen